

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Hareid kommune
6660 HAREID

Dato: 09.08.2013

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Raffelneset badestrand – RPR for born og unge

Vi viser til sak om planane om nedbygging av Raffelneset badestrand i Hareid i Hareid kommune.


Saka er drøfta med Friluftsrådet for Ålesund og Omland.

FNF Møre og Romsdal er orientert ved avisoppslag og lokale kontakter at Hareid kommune har regulert badestranda på Raffelneset til industri. Vi vil med dette brevet gjere Hareid kommune merksam på at nedbygging av ei badestrand ikkje er greitt i høve til folkehelse og barn sine oppvekstvilkår. Når det gjeld regelverk som omhandlar dette vil vi vise til plan- og bygningsloven, Rundskriv T-2/08 Om barn og planlegging og RPR (Rikspolitiske retningslinjer) for barn og planlegging.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga gjev konkrete kvalitets- og funksjonskrav til dei areala som blir satt av til barn og unge og som blir brukt av barn og unge.

I nærmiljøet skal det finnast areal kor barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Dette forutsett blant anna at areala:

- er store nok og eigna seg for leik og opphald
- gir moglegheiter for ulike typer leik på ulike årstider



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

- kan brukast av ulike aldersgrupper, og gir moglegheiter for samhandling mellom barn, unge og vaksne

Vidare står det i punkt 5.d. i RPR-en at det ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller **friområde som er i bruk** eller er eigna for leik, skal skaffast fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffast ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn brukar som leikeareal, eller dersom omdisponering av areal eigna for leik fører til at dei hensyn som er nevnt i punkt b ovanfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt.

Saka vedkjem bruken av ei badestrand og planane om ei nedbygging av denne i høve til barn og unges oppvekstvilkår. Det er godt mogleg at Hareid kommune har gjort alt rett formelt i prosessen ved revidering av reguleringsplanar/kommuneplan, men resultatet er ikkje bra i høve til barn og unges interesser slik vi les situasjonen. Vi vil spesielt vise til FNs barnekonvensjon artikkel 3 som setter hensynet til kva som gavner barn foran alle andre hensyn ved alle handlinger som berører barn.

Konklusjon

FNF Møre og Romsdal vil be Hareid kommune om å vurdere planane om nedbygging av Raffelneset badestrand på ny. Vi ber då at kommunen ser spesielt på barns medvirkning i denne prosessen og kva kommunen (barnerepresentanten) har meint i denne saka om fullverdig erstatningsareal. Vi tør høyre frå Hareid kommune kva kommunen meiner om denne saka og kva utfall denne saka får.

Med helsing

Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli
koordinator